



Med blikk for alle

ORRE SKULE

Roslandsvegen 366, 4343 ORRE

Tlf.: 51 78 90 70

orre.skule@klepp.kommune.no eller orre.sfo@klepp.kommune.no

www.minskole.no/orre

S

KULE

F

RITIDS

O

RDNING



Orientering om skulefritidsordninga 2025 / 2026

Kva er SFO?

Det er eit tilbod til born i 1. - 4. klasse utanom skuletid kvar dag. Dei kan få vera på skulen saman med andre born under tilsyn av vaksne.

Målsettinga

SFO skal vera ein trygg plass for borna og ein plass der dei kan få ei positiv utvikling:

- aktivitetane skal byggja på borna sine interesser
- skule og SFO skal ha same mål og verdigrunnlag og slik skapa ein heilskap
- borna skal få ulike erfaringar, opplevingar og aktivitetar

Innhald

- Fokusområda på Orre SFO er friluftsliv/fysisk aktivitet (borna er mykje ute) og sosial kompetanse (empati og samarbeid). Vi har gode lokaler inne der vi kan ha fri leik, og vi har gode uteområde.
- Vi har av og til aktivitetar i gymnastikksal, symjehall og skulekjøkken.
- Det er månadsplan for kvar måned.
- Borna får mat kvar dag, det er eit varmt måltid pr. veke.

Leiing av SFO

SFO har ein dagleg leiar – Mariann Østerhus.

Elles blir det tilsett personar ut frå behovet i høve til antal barn.

Pr. i dag er Stine Braut Bore, Tonje Skaugrud og Emil Telstø fagarbeidarar.

Rektor har det overordna ansvaret for SFO.

Opningstider

Det er felles opningstid og felles betalingsattsar for SFO i Klepp kommune.

Tilbod:

Tilbodet er 2 til 5 dagar morgon og etter skuleslutt pr. veke

Morgon frå kl. 07.00 til 08.15 (skulestart) og etter skuleslutt til kl.16.30.

Dagsrytme på Orre skule

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.15-09.45	90	90	90	90	90
Friminutt 09.45-10.00					
10.00-11.00	60	60	60	60	60
Mat 11.00-11.20					
Friminutt 11.20- 11.40					
11.40-12.40	60	60	60	60	60
Friminutt 12.40- 12.50					(5-7.trinn)
12.50-13.50	60		60		60 (5-7.trinn)

Betalingssatser:

Tilbodet gjeld for 11 månader, og betalinga skjer for heile august og heile juni, sjølv om barnet startar seinare i august eller sluttar tidlegare i juni. Juli er betalingsfri. Dei barna som skal starte i 1. klasse kan begynne på SFO 1. august det året dei startar i skulen.

Dei ulike tilboda har slik pris (betalast i 11 terminar) 15. kvar måned

Pris på opphald og mat i SFO 2025/26

Tilbod	Prisar for 1. – 3. trinn frå 01.08.25	Prisar for 4. trinn frå 01.08.25
5 dagar pr veke	1560,-	3890,-
4 dagar pr veke	845,-	3365,-
3 dagar pr veke	gratis	2825,-
2 dagar pr veke	gratis	2280,-
Matpengar 5 dagar pr veke	285,-	285,-
Matpengar 4 dagar pr veke	230,-	230,-
Matpengar 3 dagar pr veke	175,-	175,-
Matpengar 2 dagar pr veke	125,-	125,-

*) Det er innført ei nasjonal ordning om gratis kjernetid i SFO (12 timar/veke) for elevar i 1.trinn frå august 2022, for 2. trinn frå august 2023 og for 3. trinn frå august 2024.

Kommunestyret vedtek satsane for SFO plass kvart år.

Ein betalar for SFO-plass i elleve like terminar i løpet av eit skuleår, august - juni.

Juli er betalingsfri.

*Tilbodet er basert på sjølvfinansiering og blir berre gjennomført dersom det er nok brukarar. Den enkelte, som er interessert i plass, må betala for det tilbodet som er nemnd ovanfor, men de kan sjølvstilt velja når barnet skal hentast/gå heim kvar dag.

Dersom du ønskjer tilbod i SFO

Søknadsfristen for SFO som gjeld for skuleåret 2025/26 er 1. mars.

Ein søker SFO digitalt via [Visma Flyt skule foresattportal](#)

Dersom du allereie har born på SFO og skal behalde same plassen, treng du ikkje å søke. Men, dersom du skal gjera ei endring i tilbodet må du varsle dette. Endringa i tilbodet må du varsle via Visma Flyt Skule foresattportalen.

Link til Visma Flyt Skule finn du på heimesida til Orre skule, i kolonne med lenker på høgre side, Visma flyt. Gå inn her og velg «Visma Foresattportal»

Vi vil i utgangspunktet prøva å gje alle det tilbodet dei ønskjer, men vi er avhengig av at ordninga balanserar økonomisk.

Behandling av søknaden

Alle som har hatt plass i skuleåret 24/25, er sikra plass i SFO t.o.m. 4. klasse og treng difor ikkje søka på ny. Alle som tidlegare har hatt plass vil stå på det same tilbodet til ein sjølv endrar eller seier opp plassen.

Oppseiingsfristar/ending av plass

Oppseiingsfristar/ending plass: SFO har ein månads oppseiingstid, dette gjeld og for endringar i opphaldstida. Oppseiinga og ending av opphaldstid gjeld frå den 1. i kvar måned.

Frist for å gje melding om at ein ikkje skal ha SFO plass neste skuleår er 1. mai.

Ved oppseiing av plassen etter 1. mai må det betalast ut august måned.

Oppseiinga må gjerast i Visma Flyt Skule, foresattportal.

Spørsmål

Spørsmål om SFO kan rettast til leiar Mariann Østerhus mob. 46 82 44 04 eller til kontoret på skulen tlf. 51 78 90 70.

Skuleruta 2025/2026

Månad	
August	Skulestart torsdag 14. august
September	
Oktober	Haustferie veke 41 Mandag 6. oktober - fredag 10. oktober
November	Fridag for elevane fredag 14. november
Desember	Siste skuledag før jul fredag 19. desember
Januar	Fyrste skuledag etter jul mandag 5. januar
Februar	Vinterferie veke 9 Mandag 23. - fredag 27. februar
Mars	Påskeferie veke 14/15 Mandag 30. mars - tysdag 7. april SFO open tysdag 7. april Fyrste skuledag etter påske onsdag 8. april
April	
Mai	Fredag 1. mai (off. høgtidsdag) Torsdag 14. mai (Kristi himmelfartsdag) Fredag 15. mai (fridag for elevane) Måndag 25. mai (2. pinsedag)
Juni	Siste skuledag før sommarferien fredag 19. juni

Planl.dager skule	Planl.dager SFO
Torsdag 7., fredag 8., måndag 11., tysdag 12. og onsdag 13. august Planleggingsdger tilsette skule	Måndag 11. og tysdag 12. august SFO stengt SFO open onsdag 13. august
Fredag 14. november Planleggingsdag tilsette skule	SFO stengt
Fredag 2. januar Fri tilsette skule	SFO stengt
Tysdag 7. april Fri tilsette skule	SFO open tysdag 7. april
	SFO stengt fredag 15. mai